



Ullensvang herad

Heradsstyret

Møteprotokoll

Møtedato: 28.08.2017

Møtetid:

Kl. 12:00 - 15:30

Møtestad: Meieriet, Odda

Saksnr.:

65/2017 – 67/2015

Medlemmer:	Parti
Instebø, Trond	AP
Utne, Sigrid Johanne	AP
Velure, Amund	AP
Bleie, Terje S.	H
Hope, Eli Johanne	H
Midtun, Geir	H
Kvammen, Håkon	KRF
Borge, Solfrid	SP
Espe, Hildegunn	SP
Hauso, Ingvild	SP
Hus, Olav B.	SP
Jaastad, Gunnhild	SP
Kvestad, Jørund	SP
Reisæter, Isak	SP
Utne, Jan Asbjørn	SP
Grønsnes, Kåre Olav J.	SV
Himle, Inger Marie	SV
Ulriksen, Petter Sexe	V

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Hamre, Samson	SP	Pugerud, Øystein	SP
Haukelidsæter, Siv Hamstad	SV	Askeland, Olaug	SV
Djønne, Anders	V	Nakkerud, Bodil Svoldal	V

Møteleiar:	Borge, Solfrid
Utlevert i møtet:	-----

Merknader:

Møtet starta med fellesmøte for dei tre herad / kommunestyra i regi av Fylkesmannen i Hordaland. Oppmøtetid kl. 11.30.

Sakliste:

Sak nr.	Saktittel
65/2017	Godkjenning av innkalling og sakslista
66/2017	Etablering av ny kommune
67/2017	Mandat for fellesnemnda for Nye Ullensvang kommune

65/2017: Godkjenning av innkalling og saklista

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og saklista vart godkjent.

28.08.2017 Heradsstyret

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HST- 65/2017 VEDTAK:

Innkalling og saklista vart godkjent.

66/2017: Etablering av ny kommune

Rådmannen sitt framlegg:

1. Namnet på den nye kommunen skal vera Ullensvang kommune
2. Kommunestyret i Ullensvang kommune skal ha 33 medlemmer
3. Fellesnemnda for kommunane Odda, Jondal og Ullensvang skal ha 19 medlemmer.
 - a. Ni frå Odda
 - b. Seks frå Ullensvang
 - c. Fire frå Jondal.

Det skal også veljast varamedlemer til nemnda. Medlemene vert valt av og blant medlemene i heradsstyret. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan heradsstyret skal stå for den daglege drifta og avvikling av Ullensvang herad.

Medlemene i fellesnemnda:

1. ..
2. ..
3. ..
4. ..
5. ..
6. ..

Vararepresentantar: (i nr.rekkjefylgje)

1. ..
2. ..
3. ..
4. ..
5. ..
6. ..

4. Heradsstyret gjev fellesnemnda fullmakt til å tilsetja revisor i tråd med inndelingslova 26, 5. ledd.
5. Det opprettast eit partssamansett utval (PSU) for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette. Partsamansett utval skal ha tre representantar frå kvar kommune med 2 tillitsvalde representantar. Partsamansett utval konstituerar seg sjølv, vel leiar og nestleiar

Medlemmer i PSU:

1. ..
2. ..
3. ..

Vara i rekke:

1. ..
2. ..
3. ..

6. Det bør setjast ned eit arbeidsutval for fellesnemnda. Arbeidsutvalet bør ha innstillingsmynde til fellesnemnda. Det midlertidige arbeidsutvalet held fram sitt arbeid inntil fyrste fellesnemndsmøte.

28.08.2017 Heradsstyret

Framlegg frå ordføraren:

"Pkt. 3

Førebels fellesnemnd vert vidareført som permanent fellesnemnd."

Framlegg frå Hildegunn Espe (SP)

«Etablering av ny kommune

Framlegg til nytt pkt. 1

Ein nyttar tida fram til 1. november med å arbeida fram eit namn alle i den nye kommunen kan identifisera seg med , t.d. Folgefonn kommune/herad.

*Fellesnemnda får mynde til å spørje språkrådet til råds om namnet Folgefonn herad/kommune og evt. andre namneforslag.
Fellesnemnda får mynde til å avgjera namnevalet etter at språkråde er konsultert.»*

Det vart helde gruppemøte.

Endringsframlegg frå ordførar Solfrid Borge (SP):

"Pkt. 5

Partsamansett utval vert som tidlegare med fylgjande endring:

Ordførar Solfrid Borge går inn som medlem og Hildegunn Espe går inn som vara.»

Røysting:

Framlegg frå Hildegunn Espe (SP) pkt. 1. fekk 1 røyst og fall.

Rådmannen sitt framlegg pkt. 1 til 6 med framlegg frå ordføraren pkt. 3 og endringframlegg pkt. 5 vart samrøystes vedteke.

HST- 66/2017 VEDTAK:

1. Namnet på den nye kommunen skal vera Ullensvang kommune
2. Kommunestyret i Ullensvang kommune skal ha 33 medlemmer
3. Fellesnemnda for kommunane Odda, Jondal og Ullensvang skal ha 19 medlemmer.
 - a. Ni frå Odda
 - b. Seks frå Ullensvang
 - c. Fire frå Jondal.

Det skal også veljast varamedlemmer til nemnda. Medlemene vert valt av og blant medlemene i heradsstyret. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan heradsstyret skal stå for den daglege drifta og avvikling av Ullensvang herad.

Ullensvang herad sine representantar i fellesnemnda:

Medlemmer:

- 1 Solfrid Borge (SP)
- 2 Kåre O. Grønsnes (SV)
- 3 Olav B. Hus (SP)
- 4 Hildegunn Espe (SP)
- 5 Amund Velure (AP)

Vararepresentantar i nr. rekkefylgje:

- 1 Ingvild Hauso (SP)
- 2 Håkon Kvammen (KRF)
- 3 Inger Marie Himle (SV)
- 4 Jørund Kvestad (SP)
- 5 Isak T. Reisæter (SP)
- 6 Siv Hamstad Haukelidsæter (SV)
- 7 Gunnhild Jaastad (SP)

- 6 Terje S. Bleie(H)

- 1 Eli J. Hope (H)
- 2 Petter Sexe Ulriksen (V)
- 3 Bodil Svoldal Nakkerud (V)

4. Heradsstyret gjev fellesnemnda fullmakt til å tilsetja revisor i tråd med inndelingslova 26, 5. ledd.
5. Det opprettast eit partssamansett utval (PSU) for saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette. Partsammansett utval skal ha tre representantar frå kvar kommune med 2 tillitsvalde representantar. Partsamansett utval konstituerar seg sjølv, vel leiar og nestleiar

Medlemmer i PSU:

1. Olav B. Hus
2. Solfrid Borge
3. Terje S. Bleie

Vara i rekke:

1. Kåre O. Grønsnes
2. Hildegunn Espe
3. Amund Velure

6. Det bør setjast ned eit arbeidsutval for fellesnemnda. Arbeidsutvalet bør ha innstillingsmynde til fellesnemnda. Det midlertidige arbeidsutvalet held fram sitt arbeid inntil fyrste fellesnemndsmøte.

67/2017: Mandat for fellesnemnda for Nye Ullensvang kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Ullensvang heradsstyre vedtek mandat for fellenemnda for nye Ullensvang kommune

28.08.2017 Heradsstyret

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HST- 67/2017 VEDTAK:

Ullensvang heradsstyre vedtek mandat for fellenemnda for nye Ullensvang kommune